

**Hedølinger, nå må de gå på skattejakt i skåp og skuffer, på loft og i kjellar!**

# **Feltarbeid i Hedalen**

Vi er så heldige at Norsk institutt for bunad og folkedrakt vil gjera ein kultur – og lokalhistorisk dokumentasjon av draktskikken i Hedalen!

Det er sett av ein dag i april til registrering av gamle klede i privat eige. Alt frå gamle fotografi, stappefiller brukt som isolasjon i gamle hus, fottøy, sylv, stakkar, liv, vottar, hovudplagg, ulike tekstilverktøy osb. er av stor interesse.

Dette er med på å seia noko om korleis folk gjekk kledd før 1900, og er ein lokalhistorisk dokumentasjon av draktskikken i Hedalen. Alle gjenstandar og plagg blir fotografert og tekne mål av før eigaren får dei tilbake.

**Det er så viktig å få registrert dette før det blir borte!!**

Det har vore slike registreringar i Hedalen før òg, men det er nok framleis att gjenstandar og klede som kan gje samtida verdifull kunnskap om fortida.

**Kor hen foregår dette?**

Måndag 15. april – Bautahaugen kl. 09.00 – 18.00  
I samarbeid med Bautahaugens Venner

Dersom du har noko du vil ha registrert kan du på førehand melde frå om dette på tlf. 97709754 (Rigmor), 90692214 (Kjellaug) eller 97072433 (Sigrid).

**Ta med deg det du måtte ha og kom!  
Kanskje er du eigar av ein liten kulturskatt  
utan å veta det?**